

SKULETIME PÅ GOLVET

Ølve skule er ikkje som andre skular. Der har dei ikkje typisk klasseromsundervisning. Pultar og stolar er rydda vekk, og skuletimane kan gå føre seg på golvet eller gjerne i ein sofa. Der driv dei etter såkalla Montessori-pedagogikk.

◆ SIDE 11-13



LIVREDDE FOR UNGANE

Innbyggjarane på Kaldestad har venta i lang tid på trafikkisikring av vegen rundt Kaldestad. Trafikken aukar stadig, men vegen er framleis like usikker og farleg.

Ein av innbyggjarane, Kurt Ove Fjellandsbø, seier han er redd for å la ungene gå langs vegen av frykt for ei alvorleg ulukke.

◆ SIDE 2 OG 3



◆ TAMPEN SIDE 16

PÅ «DATE» MED GRO



◆ SIDE 4

BILLETTANE RIVNE VEKK

◆ SIDE 7



Kvifor sitja på ein stol, når ein like godt kan jobba på golvet? Ved Ølve montessoriskule er utforskartrongen viktigare enn sitjestillinga. Lærarane er faktisk klare på at fridom til rørse skapar ro.

I REKNESTILLING: David reknar matematikk, sitjande på golvet.

Lærer gjennom

FRIDOM OG OPPDAGING

Lektor Tørrdal (frå Stompa) og andre av hans gamle skule ville truleg snudd seg i grava over eit klasserom der tradisjonelle pultar og kateter er vraka til fordel for undervisning frå golv, godstolar og gruppebord. Der læraren ikkje styrer undervisninga frå fremst i klasserommet, men der elevane sjølv vel kva oppgåver dei vil jobba med; ja, til og med kva fag. Der lærarrollen først og fremst handlar å leggja til rette for læring, og rettleia elevane i arbeidsprosessen når dei sjølv ber om hjelp. Der elevane ikkje rekk opp handa for å spørja om å få gå på toalettet, men sjølv styrer dette når behovet er der. Lektor Tørrdal ville nok hevda at ei slik organisering av undervisninga ville vore skadeleg både for sinn og moral. Så hadde han nok gjerne snudd i synet om

han tok turen til Ølve montessoriskule og sette seg i den grønne observasjonsstolen gjennom ei skuleøkt eller to. For trass i det utradisjonelle undervisningsopplegget, er det knapt nok ein lyd å høyra på heile skulen. Her snakkast det med kviskring eller låge stemmer, og ein beveger seg roleg rundt.

– Ein stille skule. Her slit vi ikkje ut stemmeband og høyrsel, korkje lærarar eller elevar, seier rektor Hein Bondevik, når Kvinnheringen kjem på besøk.

Læra ved å gjera

To og eit halvt år har gått sidan skulen starta opp. Mykje omtale har den fått, men ikkje så mykje rundt det som går på sjølv pedagogikken. Vi har difor teke ein tur for å bli betre kjent med >>>

Fakta

MONTESSORISKULEN:

- Ei alternativ pedagogisk retning, utvikla av den italienske legen Maria Montessori (1870-1952).
- Gjennom arbeid med psykisk utviklingshemma barn oppdaga ho at dei lærte dugleikar ein trulle var umoglege for dei, mellom anna ved bruk av sansemotorisk materiell.
- Montessori var oppteken av at barn har særlege sensitive periodar for læring, som til dømes at dei er mest mottakelege for lesing ved 5-6-årsalderen.
- Respekt for barna og deira individualitet er òg viktig i pedagogikken, og at læringa er noko dei skal oppdaga sjølv.
- I dag er det rundt 8000 slike skular og barnehagar fordelt på seks kontinent i verda.
- Tidlegare utdanningsminister Gudmund Hernes (Ap) ville i 1994 seia stopp til nye montessoriskular, då han meinte pedagogikken var interessant, men såpass lik den offentlege skulen sin at ein heller kunne implementera denne her.
- I dag synest den offentlege striden nærast bortlagd, og nye montessoriskular er stadig under etablering.
- Det er ikkje gjort mykje forskning på pedagogikken, men ei forskning frå 2008 og ei masteroppgåve frå 2015 peiker begge på positive effektar ved arbeidsmetodane i opplæringa, men også når det kjem til den sosiale utviklinga hos elevane.
- Montessori-lærarar må ha 60 studiepoeng med montessoripedagogikk i tillegg til vanleg lærarutdanning
- Ølve montessoriskule har i inneverande skuleår 28 elevar, to lærarar, to assistentar, ein rektor og ein reinhaldar.
- Ein betalar ikkje skulepengar for å gå der, utgiftene til skuledrift blir dekkja av statleg støtte. Skulen samarbeider med Kvinnherad kommune om tenester som skyss, symjeopplæring, skulehelseteneste og PPT.



MULTITASKING: Oliver, Jonas, David og Casper puslar puslespel, skriv løkkeskrift og diskuterer kva dei skal kle seg ut som under det komande karnevalet.

>>> korleis elevane ved Ølve montessoriskule jobbar – og ikkje minst, lærer.

Filosofien til Maria Montessori, mor til montessoripedagogikken, var at elevane lærer best om dei får jobba ut frå interesse og utforsking.

– Til dette må dei ha fridom til å bevega seg, til sjølv å organisera seg slik at dei kan jobba på den måten dei kjenner er best mogleg. Og sjølv om det kunne vera freistande å tru at ungar med fridom til å bevega seg, ville utnytta denne fridomen til å vera høgt og lågt, er det faktisk motsett. Vi erfarer at fridom til rørsle skapar ro, fortel lærar Siri Holst-Larsen.

«Learning by doing», å læra ved å gjera og erfara, er eit sentralt omgrep hos innverknadsrike teoretikarar som Jean Piaget og John Dewey. Også i den offentlege skulen er prinsippet viktig, men er gjerne ikkje alltid like lett å gjennomføra i ein travel kvardag med store klassar og strame rammer. I tillegg er nok enno lærarar flest mest fortrulege med den

tradisjonelle klasseromsundervisninga. I montessoriskulen tar dei prinsippet om å læra ved å gjera «heilt ut».

– Vi brukar mykje fysisk materiell i undervisninga, særleg blant dei yngste elevane. Eit fag som matematikk er veldig abstrakt, så det å kunna bruka heilt konkrete døme som elevane kan sjå og erfara med sjølvsyn, er heilt genialt for forståinga deira. Som til dømes når ein skal få forståinga av at brøk og prosent heng saman, forklarar Holst-Larsen.

Dei 28 elevane ved skulen er delte opp i 1.-4. trinn og 5.-7. trinn. Dei to aldersblanda gruppene har kvar sine arbeidsrom, Verdsrommet og Oasen. Namn som passar godt, sidan romma er innreia innhaldsrike og delikate. Veggene er lyse, og pynta opp med elevkunst, kart, bildekunst og læringsplansjar. Arbeidsmateriellet står ryddig og sortert i hyller og skuffer. Når elevane vil i gang med ei ny arbeidsoppgåve, går dei stille og roleg til hyllene og ryddar på plass den førre, før dei finn fram den nye.

– Alle har ansvar for å halda det fint og ryddig her, og ta vare på materiellet. Eg trur dei set pris på å ha eit fint fysisk arbeidsmiljø, seier Holst-Larsen.

Fordjupar seg

Tradisjonelle skulebøker har liten plass i montessoriskulen. I staden for nyttast fagbøker, læringsspel og anna materiell. 7. klassingane disponerer òg kvar sin skule-pc. Lærarane held daglege felles-samlingar, samt gruppepresentasjonar. Dei underviser ikkje i klassisk forstand.

– Montessoripedagogikken er klar på at elevane lærer gjennom eiga forskande rolle, der læring ikkje er noko læraren gjer, men noko som skjer inne i barna sjølv. Læring skjer når den er motivert, når elevane sjølv får oppdaga kunnskapen, og det ved bruk av alle sansar, forklarar den røynde montessorilæraren.

Skuledagen er litt lenger enn i den offentlege skulen. Den startar klokka 08.15, og varer til 14.15. Den er delt inn i to arbeidsøker, den første frå 08.15-



— *Vi har ikkje lekser. Og vi kan sitja på golvet og jobba med materiell, pluss at vi får samarbeida. Det er ein kjekk måte å læra på.*

Julie og Rhine
7. klasse

11.00. Så er det felles smørelunsj for alle på kjøkenet; somme dagar kjem òg foreldre og lagar varm mat til ungane. Etter mat er det ein time uteleik, før siste økt.

– Arbeidsøktene er betydeleg lengre enn i ein vanleg skule, men måten elevane jobbar på, og det at dei kan røra seg som dei kjenner trong for, gjer at øktene likevel ikkje verker lange. Elevane kan fint sitja i både ein halv time og lenger fordjupa i éi og same oppgåve, det hender vi må oppmoda dei til å byta oppgåve etter ei tid. Og faktisk er det ikkje uvanleg at vi høyrer eit lite oppgitt sukk når dei må avbryta fordi arbeidsøkta er over, smiler Holst-Larsen.

Ikkje lekser

7. klassingane Julie og Rhine, og 6. klassingen Jonas, har alle vore elevar ved offentlege skular tidlegare. Dei fortel at kvardagen ved Ølve montessoriskule skil seg ut.

– Vi har ikkje lekser. Og vi kan sitja på golvet og jobba med materiell, pluss at vi

får samarbeida. Det er ein kjekk måte å læra på, fortel Julie og Rhine.

– Korleis greier de å halda roen gjennom øktene?

– Det går ikkje alltid. Men viss vi blir urolege eller slitne, kan vi gå bort til fruktbordet og eta litt frukt eller drikk litt vatn, fortel Jonas.

– Og somme tider er det noko du berre må seia til ei klassevenninne. Då kan du berre gå bort å seia det, så er du ferdig med det, forklarer Rhine.

Dei er samde om at dei ikkje saknar å sitja ved pultar, med ansikta vendt mot læraren og tavla.

– Også vel vi sjølv kva fag vi vil jobba med, fortel Rhine.

– Vi har ein arbeidsplan der det står kva vi må gjennom den veka. Når det er gjort, jobbar vi vidare med dei tinga vi sjølv ønskjer, seier Julie.

Som ei godkjent pedagogisk retning følgjer skulen den nasjonale læreplanen, og elevane får vekesprøvar for at læraren skal sjå at læringsmåla er nådde.

– Læringsmåla er dei same som i den offentlege skulen, det er arbeidsmetodane som skil seg ut. Elles er vi òg forplikta til å ha nasjonale prøvar, men desse kan eg styra mi begeistring for, då dei representerer ein arbeidsmetode heilt ulik måten vi jobbar på her, seier ho, og peiker på at montessoripedagogikken meiner evna til logisk tenking og resonnering er vel så viktig som puggekunnskap.

Ølve montessoriskule starta opp i 2013, som eit resultat av at kommunale Ølve skule blei vedtatt nedlagt. Rektor Bondevik skildrar dei 2,5 åra med montessoriskule som eit eventyr.

– Det er klart det aldri er populært å mista skulen sin, men eg trur dei fleste er samde i at alternativet vi har fått, er eit godt og gjennomført eit. Inntrykket mitt er at både barn og vaksne trivst her, og at læringa er god, seier han.

ELISABETH BERG HASS
elisabeth@kvinnheringen.no

▲
▲
▲ **FORDJUPAR SEG:** Marie og Julie (med ryggen til) er fordjupa i oppgåver. Rommet er fullt av konkretar og anna læringsmateriell.

▲ **LESESTUND:** Leneah les ei god bok, og denne nytast best frå godstolen i lesehjørnet.

▲ **LES SAMAN:** Mia og Mathilde har valt å lesa litt saman. Samarbeid er eit viktig prinsipp for læring ved Ølve montessoriskule.